

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.08.2010
Frå: **Administrerende direktør**
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen**
Saka gjeld: **Kostnader til drift av helikopterbasane i Florø og på Sola**

Arkivsak

2010/55

Administrerende direktør si orientering pkt 5

Styresak 087/10 O

Styremøte 01.09. 2010

Som eit ledd i oppfølginga av redningshelikoptermeldinga (jf. Innst. S. nr. 156 (2001-2002)) vart det frå juni 2004 oppretta døgntilstadevakt ved redningshelikopterbasen på Sola. Det vart i Statsbudsjettet for 2005 overført kr 3,6 mill frå Justis- og politidepartementets budsjett til Helse Vest som kompensasjon for meirutgifter ved innføring av tilstadevakt for lege. Dette beløpet er vidareført i den regionale inntektsfordelinga og er i 2010 på kr 4,3 mill.

I Statsbudsjettet for 2009 vart det lagt til grunn at ny redningshelikopterbase i Florø med døgntilstadevakt med lege skulle være operativ frå 1. april 2009. Kostnader til etablering av basen for 2009, dvs. kr 4,4 mill, vart rammeoverført frå Justisdepartementets budsjett til kap. 732, post 73 Tilskott til Helse Vest RHF. For å dekke heilårsdrift i 2010 vart det vedtatt å overføre resterande kr 1,5 mill frå Justisdepartementet til kap. 732, post 73 Tilskott til Helse Vest RHF. Dette beløpet er vidareført i den regionale inntektsfordelinga for 2010 slik at samla overføring til dette formålet nå er kr 6 mill.

Finansieringa av den døgntilstadevakta med lege er kr 1,7 mill høgare i Florø enn i Sola. Dette er ei direkte følge av ulik overføring frå Helse- og omsorgsdepartementet. Dagens praksis vil bli vurdert ved endeleg inntektsfordeling for 2011.